



Sett inn logo her om
de har eigen logo



Sunnfjord
kommune

Arsplan 2026–2029

Nærleiken barnehage



Innhald

Einingsleiar har ordet.....	3
Presentasjon av barnehagen.....	4
Om barnehagen	4
Sørigarden	4
Midtigarden	4
Nordigarden	4
Opplevingar og aktivitetar.....	4

Aldersgrupper på tvers av avdelingane	5
Barnehagen sitt verdigrunnlag	5
Visjon som bygger på Sunnfjord kommune sine verdier:	6
Som ENGASJERT medarbeidar i Nærleiken barnehage:	6
Som INKLUDERANE medarbeidar i Nærleiken barnehage:	6
Som NÆR medarbeidar i Nærleiken barnehage:	6
Satsingsområde for barnehagen 2023–2026.....	7
Fagområder frå rammeplanen til barnehage	7
Dei ulike fagområda:	8
Medverknad	14
Foreldresamarbeid	15
Tidleg innsats	15
BTI.....	15
Overgangar.....	15
Når barnet startar i barnehagen	15
Overgangar i barnehagen	15
Overgang mellom barnehage og skule.....	15
Samarbeid	15
Samarbeid internt i barnehagen	15
Samarbeid med eksterne instansar	16
PPT- Pedagogisk-psykologisk teneste:.....	16
Barnevernet:	16
Foreldrerettleiing:	16
Vurdering	16
Hendingar og markeringar i barnehagen	17



Einingsleiar har ordet

Omsorg, trygghet og gode relasjonar er dei viktigaste verdiane i Nærleiken.

Difor er visjonen vår: **VI HAR HEILE DAGEN**! - Det betyr vi brukar heile dagen, om nødvendig, for å gje barn tid til å bli trygge, slik at dei trivst og utviklar seg.

Barn må ha det godt for å ha overskot til å utvikle empati og nestekjærleik. Dette er viktige eigenskapar dei treng for sjølv kunne gje omsorg, oppleve meistring og utvikle tillit til seg sjølve og andre. Vi arbeidar aktivt for at alle skal ha ein ven og noko å leike med, med næreværande vaksne som er gode relasjonsbyggjarar.

I Nærleiken arbeidar vi kontinuerleg for å vere ein lærande organisasjon som utviklar seg i takt med krav og forventningar til barnehagen som pedagogisk verksemd.

I kommande periode skal vi jobbe med:

Kollektiv kompetanseheving i barnehage og skule:

“Det regulerte barnet- korleis møter vi urolege barn i oppvekstsektor?”

Dette er ei kollektiv opplæring i Sunnfjordbarnehagen, Sunnfjordskulen og støttetjenestene som PPT og Helsestasjon. Det er eit samarbeid med SNU-senteret- Senter for Nevrobiologisk Utviklingspsykologi og HVL- Høgskulen på Vestlandet.

Tiltaksplan etter brukarundersøking.

Vi skal utvikle foreldresamarbeidet vårt og barnehagen sit arbeide med medverknad frå foreldregruppa i den kommande perioden.

Mitt valg:

Implementere innhaldet i Mitt valg, som ein del av arbeidet med å utvikle sosiale og emosjonelle ferdigheiter. Barnehagen hadde kurs i mitt val i førre barnehageår.

Namn

Hege Herland Kjeilen
Nærleiken barnehage

Presentasjon av barnehagen

Om barnehagen

Nærleiken barnehage starta som privat barnehage i 1987 under namnet Kyrkjevegen barnehage. Den gong heldt barnehagen til i Kyrkjevegen. Dagens barnehagebygg stod ferdig til barnehageåret 2014–2015. I 2019 vart barnehagen overteken av Sunnfjord kommune og er i dag ein kommunal barnehage.

Barnehagen er organisert i tre team, med to eller tre avdelingsrom på kvart team. I barnehageåret 2026–2027 er barna fordelte på to småbarnsteam og eitt søskengruppe- og storbarnsteam.

Sørigarden

- Smia, søskengruppe (2–5 år)
- Mølla, søskengruppe (2–5 år)

Midtigarden

- Stallen (0–3 år)
- Fjosen (0–3 år)

Nordigarden

- Lillepytt (0–3 år)
- Kalvebingen (0–3 år)
- Hønsehuset (0–3 år)

Opplevingar og aktivitetar

I Nærleiken barnehage får barna oppleve aktivitetar og turar som er tilpassa alder og modning.

- **1–2-åringane** får vere med på sykkelturar med el-sykkel.
- **3-åringane** går lengre turar til Cowboyskogen og deltek på aktivitetar og tilbod i sentrumsområdet.
- **4-åringane** reiser med minibuss til Langeland, der dei mellom anna går på tur og nyttar skihytta vår når forholda ligg til rette for det.
- **5-åringane** reiser òg med minibuss til Langeland for turar, friluftaktivitetar og skiaktivitetar.

Aldersgrupper på tvers av avdelingane

Ein dag for veka delar vi barn i aldersgrupper på tvers av avdelingane. Dette er eit viktig arbeid for å ruste barn til endringar og overgangar i barnehagen. Vi er ein sentrumsbarnehage og som hovudregel har vi barn som høyrer til alle skulekrinsar. Difor legg vi vekt på at barna skal bli kjende med andre dei skal gå på skule saman med, sjølv om dei ikkje går i same avdeling.

Barnehagen sitt verdigrunnlag

"VI HAR HEILE DAGEN!"

Med det meiner vi:

- Borna skal få kjenne tryggleik og samhald
- Vi skal gje borna tid og høve til å leike
- Borna skal få utfordringar og kjenne på mot til å prøve ut

Sentrale omgrep for å nå desse måla er:

Omsorg

Tilknytning, nærleik og tryggleik er grunnlaget for alt arbeid i barnehagen. Vi brukar tid på å skape trygge rammer og møte barna med omsorg, støtte og oppmuntring.

Leik

Leiken har ein eigenverdi og er ein viktig arena for livsutfalding, fysisk aktivitet og læring. Gjennom leik får barna utforske sjølve, utvikle relasjonar og bli kjende med verda rundt seg.

Læring

Vi legg til rette for læring gjennom opplevingar, utforsking og deltaking i kvardagsaktivitetar. Barna skal få erfaringar og kunnskap som styrkjer forståinga av seg sjølve og det å vere ein del av eit fellesskap.

Sosial kompetanse

Barna skal få utvikle ferdigheiter i samhandling med andre. Gjennom leik og fellesskap lærer dei om mangfald, empati, respekt, likskapar og ulikskapar.

Språkleg kompetanse

Språk er grunnlaget for kommunikasjon, samhandling og relasjonsbygging. Gjennom språk utviklar barna identitet, forståing og evne til å uttrykke tankar, kjensler og erfaringar.

Barnehagen som kulturarena

Barnehagen skal vere ein møtestad der barna får oppleve og skape kultur. Gjennom ulike aktivitetar og uttrykksformer får dei erfaring med kunnskap, verdiar, haldningar, tradisjonar og kulturelt mangfald.

Visjon som bygger på Sunnfjord kommune sine verdiar:

Som ENGASJERT medarbeidar i Nærleiken barnehage:

- Er eg engasjert og tek barn sine interesser og innspel på alvor
- Er eg nær barna og brukar tid med barna så ofte eg kan. Eg brukar tid på å bli kjend med alle barn
- Held eg meg fagleg oppdatert både i forhold til barn si utvikling, relevant forskning og fagstoff som gjeld barnehagefeltet.
- Tek eg initiativ og deltek i samspel og lek med barna
- Held eg meg oppdatert i forhold til informasjon frå møte og forhold som gjeld ulike barn på avdeling
- Eg set meg inn i det daglege som gjeld for avdelinga og barnehagen, og planar og organisering

Som INKLUDERANE medarbeidar i Nærleiken barnehage:

- Gjer eg barnet si beste vurdering i alt eg gjer
- Ser eg alle barn, føresette og personal kvar dag, også dei som ikkje er på mi avdeling
- Legg eg til rette slik at barn skal bli sett og høyrte kvar dag
- Hjelper eg barn med å bygge relasjonar, og sørger for at dei vert inkludert i ulike aktivitetar dei meistar
- Delar eg viktig informasjon om barn sine behov og andre forhold som er viktige for at kollegaene min skal klare å gjere jobben sin på ein god måte

Som NÆR medarbeidar i Nærleiken barnehage:

- Er eg tett på barna og flyttar meg dit aktiviteten er
- Eg brukar tid på å bli kjend med alle barna, slik at barna opplever meg som ei trygge hamn
- Er eg påkopla og til stades, både fysisk og mentalt
- Er eg tilgjengeleg ved levering og henting, slik at foreldre kan ta kontakt
- Kjenner eg alle barn godt nok til å kunne danne grupper basert på observasjonar og barn sine føresetnader

Satsingsområde for barnehagen 2023–2026

frå rammeplanen til barnehage



Alle fagområda blir arbeidd med i dei ulike satsingane som barnehagen har.

Satsing

Implementere bruk av Mitt valg.

Sammarbeid med SNU-Senteret og Høgskulen

“Det regulerte barnet- korleis møter vi urolege barn i oppvekstsektor?”

Meir satsing

Årbeide med tiltaksplan etter brukarundersøking.

Dei ulike fagområda:

Rammeplan for barnehagen stiller krav om at barnehagen skal arbeide med sju fagområder.

” Barnehagen skal sjå fagområda i samanheng, og alle fagområda skal vere ein gjennomgåande del av innhaldet i barnehagen” [Rammeplan 2017](#).

Under ser du kva Nærleiken legg vekt på i arbeidet med fagområda.

Kommunikasjon, språk og tekst:

For oss er det viktig at barn blir “bada” i språk gjennom heile dagen. Dette gjer vi gjennom samtalar, song, i leik og gjennom bruk av bøker og eventyr- både når vi er inne og ute.

Vaksne skal være nær og aktive deltakarar, vi skal vere gode språklege førebilde og hjelpe barn som treng det med validering og støtte dei til å utrykke seg.

Samlingar, smågrupper, leikesituasjonar og måltid blir brukt som arena for gode samtalar, der vaksne jobbar aktivt for at alle skal få mogelegheit til å delta og utrykke seg.

Vaksne skal skape ro, hjelpe barn å halde fokus og vise språk gjennom kroppsspråk, mimikk og stille opne spørsmål som bidreg til refleksjon, undring og å halde samtalar i gong.

Vi har fokus på at vi er ein fleirspråkleg barnehage med eit kulturelt mangfald, vi lar barn bli kjend med ulike språk, kulturar og høgtider. Dette blir presentert gjennom leik med ord, plakatar, mat, bøkjer og song i dei ulike avdelingane. Vi tek utgangspunkt i ulike kulturar som er representert i kvar avdeling.

Kropp, rørsle, mat og helse:

Barna blir aktivt involverte i kvardagen gjennom medverknad i måltid, matlaging og fysisk aktivitet. Dei er med på å hente og organisere mat, dekke bord og lage lunsj, og på storbarnsavdelingane deltek ordensbarna dagleg i førebuing av måltid. Måltida blir ramma inn av matsong og gode samtalar rundt bordet.

Ved varmmat blir barna inkluderte i planlegging og gjennomføring, med særleg vekt på å presentere og smake mat frå ulike kulturar som er representerte i barnegruppa. Dette styrkjer både identitet, fellesskap og forståing for sunn mat. Samtalar om kosthald og samanhengen mellom mat, helse og fysisk aktivitet er ein naturleg del av kvardagen.

Barnehagen legg til rette for mykje rørsle gjennom lek inne og ute. Inne nyttar ein mellom anna Tarzanland, hinderløyper, regelleikar og bevegelsessongar. Ute blir det arbeidd for meir utfordrande aktivitetar, og nærmiljøet blir aktivt brukt gjennom turar til skog, leike- og aktivitetsområde. For dei eldste barna er det særleg viktig å kome seg ut av barnehagen for meir fysisk utfordring.

Heile opplegget er retta mot å fremje matglede, rørsleglede, medverknad og ein heilskapleg forståing av samanhengen mellom kropp, aktivitet og helse.

Kunst, kultur og kreativitet

I barnehagen legg vi til rette for at barna skal få rike estetiske erfaringar gjennom lek, utforsking og skapande aktivitetar. Vi har fokus på prosessen framfor det ferdige produktet, og vi ønskjer å stimulere barna si undring, skaparglede og evne til å uttrykke seg på ulike måtar.

Vi organiserer både vaksenstyrte aktivitetar i mindre grupper og gir rom for fri lek der materialar er lett tilgjengelege i barnehøgde. Dette gjeld til dømes teiknesaker, bøker og ulike konkrete, slik at barna sjølve kan ta initiativ og gjere val – også dei barna som ikkje uttrykker seg verbalt. Bruk av bilete og symbol støttar barna si medverknad og sjølvstende.

Aktivitetane tek utgangspunkt i barna sine interesser, og vi er fleksible og opne for barna sine innspel i prosessen. Gjennom prosjektarbeid over tid gir vi barna moglegheit til fordjuping og progresjon. Barna får vere med å påverke vidare arbeid gjennom refleksjon og evaluering av det vi har gjort saman.

Vi nyttar varierte uttrykksformer som teikning, formingsaktivitetar, song, musikk, eventyr, drama og høgtlesing. Bøker er tilgjengelege for barna gjennom heile dagen, både til felles lesestunder og individuell utforsking. Personalet er aktive deltakarar som set ord på opplevingar, stiller opne spørsmål og støttar barna i deira utforsking.

Sansing og kropplege erfaringar er sentralt i arbeidet, særleg på småbarnsavdelingane. Barna får bruke heile kroppen i møte med ulike materialar, både inne og ute. Nærmiljøet gir rike moglegheiter for estetiske opplevingar der barna kan sjå, kjenne og erfare naturen direkte.

Vi vektlegg også kulturformidling ved å markere høgtider og synleggjere mangfaldet i barnegruppa. I samarbeid med foreldre tek vi del i og løftar fram ulike kulturuttrykk. Til dømes markerer vi samisk nasjonaldag og deltek i felles prosjekt som Forut. Vi nyttar også lokale ressursar som Frodelaks for dei eldste barna.

Gjennom dette arbeidet ønskjer vi å bidra til at barna utviklar kreativitet, fantasi, utforskartrøng og opplevinga av å vere deltakande i eit felleskap der deira uttrykk blir sett og verdsett.

Natur, miljø og teknikk

I arbeidet med fagområdet natur, miljø og teknikk legg vi vekt på at barna skal få oppleve naturglede, undring og utforsking i kvardagen. Vi tek utgangspunkt i barna si nysgjerrigheit og gir rom for å utforske det dei oppdagar, både ute og inne. Når barna viser interesse for noko, tek vi oss tid til å undre oss saman der og då, og vi følgjer opp ved å hente inn meir kunnskap gjennom samtalar, bilete og film. Slik kan vi utvikle prosjekt i lag med barna, der deira initiativ og medverknad står sentralt.

Naturen er ein viktig læringsarena for oss, og vi er mykje ute i all slags vêr. Vi går turar i nærmiljøet og oppsøker både kjende og nye område. På tur legg vi vekt på at opplevinga i seg sjølv er målet, og barna får vere med å påverke kva vi gjer og kvar vi går. Vi nyttar variert og ulendt terreng for å styrke barna si motoriske utvikling, og vi er aktive saman med barna gjennom lek, utforsking og felles opplevingar. Vi har òg måltid ute og skaper gode fellesskapsopplevingar i naturen.

Gjennom året arbeider vi med naturen sine endringar. Barna får erfare snø og is om vinteren, med aktivitetar som aking, skigåing og eksperimentering med smelting og frysing. Om våren undrar vi oss over livet som veks fram, vi går på insektjakt og oppdagar endringar i naturen. Om sommaren utforskar vi vatn gjennom lek og aktivitetar, og om hausten tek vi i bruk naturmateriale i kreative prosessar. Slik får barna ei heilskapleg forståing av naturen og årstidene.

Vi legg vekt på å utvikle gode haldningar til natur og miljø. Barna lærer å vise respekt for dyr, insekt og plantar, og vi samtalar om korleis vi tek vare på naturen. Vi plukkar boss og er bevisste rollemodellar i møte med naturen. Gjennom samlingstunder, eventyr, songar og samtalar set vi fokus på kva naturen treng frå oss.

Vi tek òg i bruk teknologi som eit pedagogisk verktøy når det støttar undring og læring. Vi kan til dømes sjå filmar av naturfenomen, som ein kylling som klekker, eller søke opp informasjon saman med barna om det dei er opptekne av. Bruken av teknologi er alltid bevisst og knytt til eit pedagogisk formål.

Barna får vidare utforske naturen gjennom skapande aktivitetar, der vi nyttar naturmateriale og gjenbruk. Dette bidreg til å styrke kreativiteten og gir ei begynnande forståing for berekraft.

Gjennom dette arbeidet ønskjer vi at barna skal utvikle kunnskap om naturen, glede over å vere ute og ei forståing for samanhengar i natur og miljø. Samstundes legg vi grunnlaget for at barna skal bli bevisste og ansvarlege deltakarar som tek vare på naturen rundt seg.

Mengd, rom og form:

Vi legg vekt på å være nære, medvitne og støttande vaksne når ein skal jobba med fagområdet *Mengd, rom og form*. Når barna får utforske og prøve løysingar sjølve, utviklar dei matematiske erfaringar gjennom lek og kvardagsaktivitetar. Den vaksne si rolle som støttande stillasbyggjar er viktig for at barna skal få setje ord på det dei gjer og oppdagar, til dømes når dei tel, sorterar eller samanliknar.

Gjennom daglege aktivitetar som rydding og sortering får barna erfaring med å klassifisere og organisere etter ulike kriterium, noko som styrkjer forståinga av mengder og system. Når barna øver på å dosere mjølk i eigen kopp eller dekkje bordet, møter dei matematiske omgrep som mengde, volum, tal og rekkefølgje på ein konkret måte.

Bruken av eventyr og bøker, saman med arbeid med preposisjonar, gir barna erfaring med romforståing og plassering (til dømes over, under, ved sida av). «Act Now»-leikar og andre felles aktivitetar støttar utviklinga av både talforståing, romlege omgrep og samarbeid. Turtaking i lek og aktivitetar gir òg ei grunnleggjande forståing for mønster og struktur.

Når den vaksne stiller opne spørsmål og oppmuntrar barna til å reflektere, blir barna medvitne på eigne strategiar i problemløysing. Dette bidreg til å byggje ei djupare forståing av matematiske samanhengar. Ved å leggje til rette for passe utfordringar, får barna erfare meistring innanfor fagområdet og utvikle motivasjon for vidare læring.

Etikk, religion og filosofi

Barnehagen skal bidra til at barna får kjennskap til ulike religionar, livssyn og etiske verdiar, og utviklar respekt og forståing for mangfaldet i samfunnet. Vi arbeider bevisst med dette gjennom heile året, både i planlagde aktivitetar og i kvardagslege situasjonar.

Vi nyttar bøker, musikk og mat frå ulike kulturar som inngang til samtalar og opplevingar. Gjennom bruk av FORUT-filmar får barna møte ulike livssituasjonar og kulturar, noko som gir gode høve til undring, refleksjon og samtale i barnegruppa.

Vi markerer ulike høgtider som er representerte i barnegruppa, og vi legg vekt på å formidle desse på ein positiv og inkluderande måte. Barna får lære om kvarandre sine tradisjonar, og vi snakkar saman om likskapar og ulikskapar på ein respektfull måte. På denne måten ønskjer vi å styrke barna si forståing for at menneske lever ulike liv, og at dette er ein ressurs i fellesskapet.

I det daglege arbeidet legg vi til rette for undring og filosofiske samtalar med barna. Vi tek oss tid til å lytte til barna sine tankar og spørsmål, og vi støttar dei i å setje ord på eigne kjensler og meiningar.

Vi arbeider òg aktivt med å framheve dei positive sidene ved kvart enkelt barn. Gjennom anerkjenning og inkludering skal alle barn oppleve å bli sett, høyrde og verdsette som ein del av fellesskapet. Dette dannar eit viktig grunnlag for utvikling av empati, respekt og gode haldningar til andre. Vi brukar Mitt valg som eit verktøy til å ha praktiske øvingar som fremmar utvikling av sosiale og emosjonelle ferdigheiter.

Nærmiljø og samfunn

Barnehagen skal bidra til at barna får kjennskap til og opplever tilhøyrslø til nærmiljøet sitt. Gjennom jamlege turar i nærområdet legg vi til rette for at barna får utforske natur, kultur og samfunn, og utvikle forståing for korleis dei er ein del av eit fellesskap.

Vi brukar nærmiljøet aktivt som læringsarena. Gjennom turar til skog, bekk, leikeplassar og andre natur- og uteområde får barna erfare naturen med heile kroppen. Dei får utforske, undre seg og gjere egne oppdagingar. Dette gir grunnlag for gode naturopplevingar og forståing for samanhengar i naturen.

Barna får òg bli kjende med funksjonar og tilbod i nærmiljøet, som til dømes butikk, bibliotek og andre møteplassar. Gjennom slike erfaringar utviklar dei forståing for korleis samfunnet fungerer, og dei får øve seg på sosial deltaking og samspel med andre.

Vi legg vekt på at turane skal ha eit innhald som engasjerer barna, til dømes gjennom enkle oppdrag, tematurar og leik undervegs. Barna får vere aktive deltakarar i planlegging og gjennomføring, noko som styrkar medverknad, eigarskap og meistring.

Gjennom arbeidet med nærmiljø og samfunn ønskjer vi å fremje nysgjerrigheit, respekt og tilhøyrslø, samt gi barna erfaringar som styrkar deira forståing av seg sjølv som del av eit større fellesskap.

Leik:

“Leiken skal ha ein sentral plass i barnehagen, og eigenverdien til leiken skal anerkjennast. Barnehagen skal gi gode vilkår for leik, vennskap og barna sin eigen kultur” [Rammeplan 2017](#)

I Nærleiken er leik ein viktig del av det gjennomgåande arbeidet i barnehagen. Vi tek leik på alvor. Vi gir barna tid, rom og tryggleik til å utvikle leiken på egne premissar, utan unødvendige avbrot eller vaksenstyring, og ved å verne gode leikesituasjonar når det trengst.

I praksis betyr dette å legge til rett for god leik med å gjere eigna materiale tilgjengeleg. Ved å vere lyttande, nær eller til stades med støtte og innspel som viser

respekt, ro og audmjukheit – utan å øydelegge barn sin opplevingar og motivasjon for leik.

Barnehagen legg til rette for variert og inkluderande leik ved å skape trygge og inspirerande leikemiljø inne og ute, med god tid, ro, små grupper og tydelege leikesoner tilpassa barna sine interesser og omgjevnader. Nærværande vaksne deltek aktivt i leiken ved å setje i gang aktivitetar, undre seg saman med barna, tilføre nye element og følgje barna sine initiativ, noko som styrkjer fantasi og utvikling av ulike leikformer.

Gjennom felles aktivitetar og tilpassa leik for både små og store barn blir alle gitt moglegheit til å delta og oppleve meistring, uavhengig av føresetnader og kulturell bakgrunn. Vaksne fungerer som rollemodellar som støttar barn inn i leik, fordeler roller og sikrar inkluderande løysingar, slik at alle barn opplever leikglede og tilhøyrslse.

Det er viktig at personalet er nær barn sin leik for å støtte deira leikekompetanse, gje språkleg støtte og sosial støtte for å bygge relasjonar, gje nye impulsar og verne leiken. Samstundes som det er viktig at vi gir støtte til barn slik at dei klarar å komme inn i leik, invitere andre inn i leik og få bruke sine uttrykk for å utvikle leiken på ein god måte.

Vaksenrolla blir heile vegen vurdert gjennom eigenvurdering, observasjon og det å lese situasjonar ut får når ein skal delta eller trekkje seg litt vekk. Vidare har vi fokus på utviklinga av dei vaksne si rolle i kolleasamtalar og i avdelingsmøte for å tilpasse praksis til det enkelte barn og barnegruppe.



Danning:

Å arbeide med identitet og sjølvforståing er krevjande, men heilt avgjerande i barnehagen. Vi skal støtte barna i å utvikle identitet og ei positiv sjølvforståing ved å anerkjenne barnet for den det er, det dei seier og det dei ønskjer.

Barna skal få rom til å uttrykkje seg, vere nysgjerrige, kreative og utforskande. Vaksne deltek i leik, hjelper barna med roller, grensesetjing og konflikhtar, og gjev rom for både glede og vanskelege kjensler. Vi skal ikkje «pakke barna inn», men gje dei moglegheit til å prøve sjølve, kjenne motstand og bære eigne erfaringar, med trygge vaksne i nærleiken. Barnehagen skal vise at det er positivt å vere ulike, og bidra til at alle barn kjenner seg heime og verdsette.

Barna skal få delta i avgjerder som gjeld kvardagen i barnehagen. Vi tek barnas innspel og interesser på alvor, følgjer med i leiken og lyttar til det som kjem fram i dialogar mellom barna. Gjennom små grupper, samlingar og samtalar får barna kome med idear og vere med og påverke aktivitetar og innhald. Vi skal ikkje avfeie idear med eit raskt «nei», men finne rom, tid og gjere avtalar saman med barna. Barna skal få erfare at forhandling er mogleg, og at dei av og til får vinne. Når barn får vinne ei forhandling innimellom, lærer dei at deira stemme betyr noko.

Barnehagen skal leggje til rette for at barna utviklar kritisk tenking, etisk vurderingsevne og evne til å seie ifrå. Vi snakkar med barna om situasjonar som oppstår, stiller undrande spørsmål og hjelper dei å sjå fleire sider av same sak. Barna får øve på å bruke ord i staden for handling, setje grenser og uttrykkje meiningar som «eg vil ikkje» og «det likar eg ikkje». Når vaksne er lydhøyre, tek barna på alvor og nøstar opp i det vi ikkje forstår, lærer barna å stå opp for seg sjølve og vise omsyn for andre.

Gjennom å ta barnas innspel, interesser og idear på alvor – i lek, i samtalar, aktivitetsval og kvardagsavgjerder – opplever barna medverknad og meistring. Barn sine innspel kjem fram i det daglege, i samlingsstunder, i barneråd, i mindre grupper som gir rom for spontanitet får alle barn moglegheit til å bli høyrde, også dei yngste.

Medverknad

«Barnehagen skal sikre barn sin rett til medverknad ved å leggje til rette for og oppmuntre til at barn kan få gitt uttrykk for kva dei synest om den daglege verksemda i barnehagen. Barn skal jamleg få høve til å delta aktivt i planlegginga og vurderinga av barnehageverksemda.» Rammeplan for barnehagen, s.2.



Våre tiltak for å oppnå dette

Barnerådet:

Vi har Barneråd for dei eldste borna i barnehagen (førskulegruppa).

I rådet får barna erfaring med demokratiske prosessar, og komme med innspel til barnehagen sine aktivitetar og ynskjer for utstyr til barnehagen. Gjennom barnerådet får barna påverke på administrativt nivå og komme med innspel til overordna planar. I barnerådet møter dei Styrar (Einingsleiar) og Ass.Styrar (Ass.einingsleiar).

I avdeling:

Barna får påverke på systemnivå gjennom samlingane. Medverknad er tema i samling ein gong for månaden. Då får barna komme med innspel til aktivitetar og ynskjer for innhald i månadsplan. Vi gjer dette for å ha barna si stemme med i planar og aktivitetar vi legg opp til i avdelingane.

Foreldresamarbeid

Tidleg innsats



BTI

- [BTI- Betre tverrfagleg innsats for barn og unge](#) skal sikra at barn og unge får den oppfølginga og hjelpa dei treng gjennom eit samarbeid mellom familien og kommunen.
- Gå inn på [Sunnfjord kommune](#) si heimeside for meir informasjon om samarbeidspartar, tenestetilbod og tiltak.

Overgangar

Nærleiken har utarbeide eigne planar for overgang frå Heim til barnehage og overgang mellom avdelingar. Sunnfjord kommune har ein felles plan for overgang mellom barnehage og skule. Under finn du lenkje til planane og elles finn du dei på Sunnfjord kommune si heimeside under Nærleiken barnehage.

Når barnet startar i barnehagen

[Plan for overgang mellom heim og barnehage.](#)

Overgangar i barnehagen

[Plan for overgang mellom avdelingar.](#)

Overgang mellom barnehage og skule

Mål: Barnehagen skal legge til rette for ein trygg og god overgang frå barnehage til skule.

Barna skal gjennom ulike aktivitetar få erfaring og kunnskap som danner grunnlag og motivasjon til å begynne på skulen.

Sunnfjord kommune har ein felles plan for Overgang mellom barnehage og skule, denne skal bli lagt ut på kommunen si heimeside.

Samarbeid

Samarbeid internt i barnehagen



Å skape ein trygg og god barnehage krev godt samarbeid i personalgruppa. I planlegging, vurdering og i det faglege arbeidet ute i avdelingane. For å heile tida utvikle oss nyttar vi avdelingsmøte, leiarmøte, personalmøte, planleggingsdagar og ressursteam møte. I ressursteam møte gjere vi vurderingar av barn si fungering og gjev råd til tiltak å prøve ut i avdeling for å støtte eit barn si utvikling eller vi tilrå å søke ekstern hjelp

Samarbeid med eksterne instansar

PPT- Pedagogisk-psykologisk teneste:

Vi samarbeider med PPT og kompetanseteamet. Dei kan gi rettleiing, gjennomføre observasjonar og støtte personalet når enkeltbarn eller barnegrupper har behov for ekstra oppfølging. Foreldre skal alltid gi samtykke før eit samarbeid vert sett i gang. PPT har ein fast representant i barnehagen sitt ressursteam.

Barnevernet:

Barnevernet tilbyr ulike hjelpetiltak til familiar. Dei fleste som får hjelp frå barnevernet, mottok tiltak i heimen. Tiltaka kan vere av kortare eller lengre varigheit, avhengig av behova til familien.

Barnehagen har opplysningsplikt til barnevernet når det er grunn til å tru at eit barn blir utsett for vald, omsorgssvikt eller andre alvorlege forhold som kan påverke barnet si helse og utvikling

Foreldrerettleiing:

Det kan i periodar vere utfordrande å vere foreldre Det er viktig å få hjelp tidleg får utfodringane vert for samansette. Kommunen har tilbod om gratis foreldrerettleiing, både i barnehagen, i helsestasjon og andre kommunale teneste. Ta kontakt med barnehagen om det treng meir informasjon.

Vurdering

Det pedagogiske arbeidet skal vurderast jamleg for å sikre at alle barn får eit tilbod i samsvar med barnehagelova og rammeplanen for barnehagen.

Vurderingsarbeidet byggjer på refleksjonar frå personalet. Desse refleksjonane vert nytta i vidare planlegging og utvikling av det pedagogiske arbeidet, mellom anna på avdelingsmøte, personalmøte og planleggingsdagar.

Vurdering er ein kontinuerleg prosess som inneber å planleggje, gjennomføre, vurdere og vidareutvikle praksisen. Samstundes skal vi ta vare på og vidareføre det som fungerer godt, slik at vi sikrar kvalitet og utvikling i barnehagen.

Hendingar og markeringar i barnehagen



Vinter

13. Desember

Luciatog med førskulegruppa i barnehagen

Desember

Nissefest

Januar

Tema Eventyr

Februar

Tema Eventyr
Karneval-fastelaven
Samane sin nasjonaldag 6. februar

Vår

Mars-(April)

Barnehagedagen
Påskefrukost med familie
Tema: Påske

April

Tema: Nytt liv

Mai

Øve til nasjonaldag i barnehagene, barnehagen stiller med fane i 17. Toget.



Sommar

Juni

Fjellturar-Hafstadfjellet – Gytta (dagsturhytta Vieåsen)

Juli

Eigen sommar aktivitetsplan



Haust

Oppstart

Tilvenning
Tema: Fokus på meg og min familie

September

Tilvenning
Brannveka 38
Tema: Fokus på meg og min familie og kroppen

Oktober

Refleksen sin dag, tredje torsdag i oktober

November

Arbeid med julegaver

